

Kjell-Erik N. Kallset og Katrine Ree Holmøy (nyhetssjefer)
Johan Brox | Magnhild Folkvord
Kristin Haug (permisjon) | Pål Hellesnes
Alf Skjeseth | Åse Brandvold (permisjon)

NYHETER

Uidentifisert flygende objekt

VERDT
Å VITE

MYSTISK: I går var det fortsatt uvisst hva slags flygende objekt som førte til full stans i flytrafikk ved Gardermoen torsdag. Ingen seilfly i området var i lufta, og sterk vind gjorde at paragliding og annen vindsport var frarådet. – Gjenstanden som ble observert, var for øvrig blå eller grønn, mens alle aktuelle seilfly er hvite, påpeker Torkell sætervandet i Norges Luftsportforbund til NTB.

KRH



Arbeidsminister Bjurstrøm forsvarar offentlig sektor:

– Er ikkje dumping

SKILNAD: Arbeidsminister Hanne Bjurstrøm (Ap) nektar for at brota på arbeidsmiljølova i offentlig sektor er «Adecco-saker».

PRIVATISERING

Av Johan Brox

Pressa er i full gong med å avkle offentlege sektor som like ille for dei tilsette som private vikarbyrå: TV2 melder at Oslo universitetssjukehus braut arbeidsmiljølova 26.000 gongar berre i fjor. Som Klassekampen skreiv onsdag har tilsette ved kommunale sjukeheimar i Moss jobba ubetalt overtid og overnatta på jobb, om lag slik Adecco dreiv ved Ammerudlundan sjukeheim.

Arbeidsminister Hanne Bjurstrøm (Ap) nektar for at offentlig sektor no går gjennom «Adecco-saker».

– **Ulovleg lange vakter og ubetalt overtid er like alvorleg om dei skjer i offentlig eller privat sektor. Men vi må skilje mellom slike systematiske brot Adecco stod for, som det som skjer i offentlig helse- og omsorg. Adecco kalkulerte med å ikkje betale overtid for å vinne anbud. Vi ser at sjukehusa har hatt ulovleg mykje overtid, det skal vi rydde opp i, men det ikkje sosial dumping for å tene pengar, seier Bjurstrøm.**

– Men er det ikkje pinleg med så mykje uorden i offentlig sektor?

– Det er alltid veldig ubehagelig når det offentlege ikkje går føre med eit godt døme, slik vi vil at han skal. Etter Adecco-saka starta regjeringa gransking av alle departement. Dette skal vi rydde opp i.

Ja til ny turnus

Høgre har sett sitt snitt til å krevje ein meir fleksibel ar-

FAKTA

Adecco-omkamp:

■ Adecco Helse har trukke seg frå sjukeheimsdrift i Nroeg, etter at NRK avslørte at tilsette hadde jobba ubetalt overtid på lange vakter og overnatta i kjellaren.

■ Seinare innrømte Adecco Helse lovstridige arbeidsforhold ved alle dei fem sjukeheimane dei dreiv i Noreg.

■ Dei siste vekene har det kome fram lovbrøtt i offentlig sektor òg, særleg innafør helse- og omsorg.

■ Klassekampen skreiv onsdag om Orkerød sjukeheim i Moss, kor tilsette òg har jobba ubetalt overtid og overnatta på jobb.



Klassekampen 24. mars

beidsmiljølov. Til Klassekampen i går sa Høgres Torbjørn Røe Isaksen at omsorgssektoren hamnar i ein skvis: Sektoren treng mange tilsette, men det er vanskeleg å få vaktlistene til å gå opp med dagens krav til arbeidstid. Han bad regjeringa satse meir på alternative turnusordningar, kor dei tilsette i periodar får jobbe lengre vaktar som dei seinare kan avspasere. Bergen kommune har allereie innført slike ordningar, men er i dag avhengig av dispensasjon frå Arbeidstilsynet. Skal ordninga verte rotfesta, må Stortinget endre arbeidsmiljølova. I dag må Arbeidstilsynet godkjenne turnusar (utan overtid) på over ni timar, og helgearbeid utover kvar tredje helg.

DN presenterte denne veka ein Fafo-rapport, kor meir samanpressa turnusar kom



NEKTAR LEMPE LOVA: Hanne Bjurstrøm vil prøve ut nye turnusordningar, ikkje svekkje arbeidsmiljølova. FOTO: ERLEND AAS, SCANPIX

godt ut – dei reduserte ifølgje rapporten deltidsarbeidet og betra arbeidsmiljøet.

Bjurstrøm er positiv til å prøve.

– Eg er open for at denne typen turnusar, slik som medlevarturnus, har hatt positive effektar. Vi er villige til å prøve slike ordningar, og mange får dispensasjon frå deler av arbeidsmiljølova i dag.

Men i strid med Høgre vil ho ikkje lempe på sjølve lova.

– Eg tykkjer Høgre har ei rar vinkling på dette. Turnusordningane som vert prøvd ut er nokså ekstreme avvik frå lova, difor er det viktig at fagrørsla sentralt må godkjenne dei. Denne godkjenningsordninga likar ikkje Høgre. Fjernar vi ho, vil fleire stå i fare for å bli pressa inn i eit turnussystem dei ikkje ønskjer, seier Bjurstrøm.

Ho meiner Adecco-saka og lovbrota i offentlig sektor syner kor viktig arbeidsmiljølova er, og at det difor er underleg å ville svekkje lova.

– Adecco-saka syner tvert om at arbeidstakar står ganske svakt i møte med arbeidsgjevar, seier ho.

Raudt-leiar Turid Thomassen meiner på si side hovudutfordringa er å få fleire til å få lyst til å satse på ein karriere i helse- og omsorg. Dimed treng ein færre vikarar og kan få meir stabile turnusar.

– Skulle regjeringa teke dette på alvor, hadde dei straks starta prøveprosjekt med sekstimars arbeidsdag med same løn som før. Då kunne fleire jobba heiltid, det ville vore lettare å lage turnusar og vi ville komme nærmare likeløn for kvinner og menn, seier Thomassen til Klassekampen.

Bjurstrøm er skeptisk:

– **Eg trur ikkje sekstimarsdagen er svaret på dette. I staden må vi sjå på korleis vi organiserer heile arbeidssituasjonen. Regjeringa har alle-reie likestilt skift og turnus, det hjelp noko. Vi har styrkja kampen mot ufrivillig deltid med 75 millionar kroner over tre år. Alt dette heng saman, og mykje er opp til partane i arbeidslivet.**

God nok kontroll?

Arbeidsministeren er i gong med å lage den nye arbeids-

meldinga, som skal spikre regjeringas arbeidspolitikk for åra som kjem. Meldinga skal ho leggje fram for Stortinget i løpet av våren.

– Vi skal gje Arbeidstilsynet større høve til å leggje gebyr på dei som bryt reglane. Vi har plikta alle offentlege organ til å sjekke at leverandørane gjev skikkeleg løn og arbeidsforhold, og vi vurderer å gje Arbeidstilsynet utvida myndigheit til å sjå at kommunane faktisk sjekkar dette.

– Lovbrota på Adeccos og Moss kommunes sjukeheim vart avdekt av pressa, ikkje Arbeidstilsynet. Har vi godt nok tilsyn i Noreg?

– Arbeidstilsynet gjer ein god jobb, men dei vil aldri greie å rydde opp i sosial dumping aleine. Dei er heilt avhengige av at dei som hand-samar offentlege pengar er ansvarst sitt bevisst, og at kommunane følgjer opp leverandørane sine. Oslo svikta dette ansvaret i Adecco-saka, seier Bjurstrøm.

Kritisk til anbud

Etter at Arbeidstilsynet melde Adecco og selskapet Incita inn for lovbrøtt på sjukeheimane sine, har Oslo Ap vedteke at private selskap ikkje bør få drive sjukeheim i Oslo. SV behandler på landsmøtet sitt no i helga eit framlegg på å binde lokalpolitikarane sine til å kjempe mot vikarbyrå, og Fagforbundet fornyar sine åtvaringar om anbud i omsorgssektoren. Raudt har peika på at storparten av kostnadene i omsorgssektoren er løn og pensjon til dei tilsette, og at skal private vere billigare enn dei offentlege må dei difor strupe arbeidarane.

Arbeidsminister Hanne Bjurstrøm er ikkje like kategorisk.

– Vi skal vere klar over at Adecco-saka har vist at skal ein tene pengar på omsorg, kan ein ende med å gå på akkord med reglane i lova. Det einaste eg som arbeidsminister vil seie, er at skal offentlig sektor setje tenester ut på anbud, er dei forplikta til å syte for at dei tilsette får løn og arbeidsvilkår på gjengs nivå. Ingen skal vinne anbud på å dumpe løn og bryte lova.

johanb@klassekampen.no